

MYKLEBUST KRAFT AS (1)
c/o Per Reidar Myklebust, Follestadal
6156 ØRSTA

Vår dato: 10.05.2017
Vår ref.: 200800497-15
Arkiv: 317
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Ole Per Schei
22959531/ops@nve.no

Oversending av rapport frå revisjon, og varsel om vedtak om retting – Myklebust kraftverk, Ørsta kommune

Vi viser til revisjon av Myklebust kraftverk og sender med dette rapport frå revisjonen som vart halden 3.5.2017. Revisjonen var varsla i brev av 11.4.2017.

Ved revisjonen vart det funne 4 avvik og gitt 2 merknader. Revisjonsrapporten beskriv dei avvik og merknader som vart avdekka. Dokumentasjon på lukking av avvik skal sendast NVE innan fristen som er gitt.

NVE varslar med dette at vi vil vurdere å gjere vedtak om retting i tilfelle avvika ikkje er lukka innan fristen som er sett.

Frist for å uttale seg til saka er sett til 3.6.2017. Vi rår særleg til at faktiske opplysningar som gjeld saka, vert korrigert eller supplert. I tilfelle NVE ikkje har motteke uttale innan fristen, vil vi legge til grunn dei opplysningane som ligg føre i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Ole Per Schei
senioringeniør

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg: 1 Revisjonsrapport

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Revisjonsrapport

Revidert eining:	Myklebust kraftverk
Revisjonsdato:	3.5.2017
Sted:	På kraftanlegget
Medverkande frå revidert eining	Dagleg leiar, Per Reidar Myklebust Tilsyn/vakt, Erling Myklebust
Revisorar frå NVE:	Revisjonsleiar: Ole Per Schei Medrevisor: Katarina Eftevand
Seksjon	Seksjonssjef: Øyvind Leirset, TBM

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn og føremål med revisjonen

NVE har, etter ei analyse av risiko og sårbarheit, mellom anna valt ut kraftanlegg med krav til omløpsventil og som ligg i Nasjonale laksevassdrag, for revisjon i 2017. Myklebustelva er ein del av Ørstavassdraget som har status som Nasjonalt laksevassdrag. I konsesjon til kraftanlegg i slike vassdrag er det sett vilkår for å ta vare på verdiane i vassdraget på ein best mogeleg måte. Føremål med revisjonen er å få dokumentert at verksemda oppfyller krav nedfelt i vassressurslova, IK-vassdrag, gjeldande konsesjon og påfølgjande vedtak.

1.2 Revisjonsgrunnlag

I denne revisjonen var revisjonsgrunnlaget følgjande:

- 2 IK-vassdrag
- 3 Konsesjon til bygging av Myklebust kraftverk av 29.3.2007.

3.1 Tema for revisjonen

Revisjonen omhandla følgande tema:

- IK-vassdrag generelt
- Omløpsventil, minstevassføring og generelt driftsregime.

3.2 Funn

4 avvik

2 merknader

Avvik er: Brot på krav i regelverk og løyve gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgevinga og anna lovgjeving NVE forvaltar.

Merknad er: påpeking av tilhøve med potensial for betring eller tilhøve som bør vurderast nærare av verksemda, men som ikkje er brot på gitte krav.

3.3 Generelle kommentarar

Eit ledd i revisjonen var at verksemda demonstrerte funksjonalitet til forbisleppingsventil. Demonstrasjonen viste ein 100 % programmert og automatisert ventil som opna direkte ved utfall. I verksemda var det relativt lite kunnskap utover at dette var programmert slik av utstyrsleverandør frå oppstarten av anlegget.

4 Beskriving av avvik

Avvik 1	
Krav	<p>IK-vassdrag § 5.3:</p> <p>Verksemda skal sørge for at personell har dei kunnskapar og ferdigheiter som er nødvendige for å sikre at anlegg og tiltak som omfattast av § 3 og drifta av slike, oppfyller krav fastsett i eller i medhald av vassdragslovgjevinga, herunder ha ein plan for korleis fagleg kompetanse skal etablerast, oppretthaldast og vidareutviklast.</p>
Avviket	<p>Verksemda manglar fagleg kompetanse til å sikre at drifta av anlegget stettar vilkåra som er fastsett i konsesjonen.</p> <p>Verksemda kunne ikkje gjere greie for kapasitet og funksjonalitet på forbisleppingsventilen.</p>
Dokumentasjon	<p>Demonstrasjon og visinga på skala i styringssystemet (PLS) kan tyde på at ventilen opnar for 30 % av gitt driftsvassføring, men dette kunne ikkje verksemda gjere greie for. Eit dokument frå utstyrsleverandør Fadum tekniske, datert 11.6.2009, som vart lagt fram under revisjonen seier slik om forbisleppingsventilen: <i>...den har betydelig kapasitet og bør begrenses. Det er en fordel for alle. Vi begrenser den foreløpig til 50 % opning.</i> Verksemda kunne ikkje forklare eller dokumentere kva dette betyr i praktisk slepp.</p> <p>Vasstanden i inntaksbassenget er innstilt slik at bassenget kunne seinke 1500 mm før kraftverket stogga. Arrangement for minstevassføring (mvf) består av to rør der eit er for mvf sommar og eit for mvf vinter. Verksemda kunne ikkje gjere greie for om minstevassføringa var dimensjonert for ei regulering av vasstanden ned til 1500 mm under ordinær driftsvasstand.</p>
Korleis lukke	<p>Verksemda må skaffe seg tilstrekkeleg dokumentasjon på kapasitet og funksjonalitet, på forbisleppingsventilen og vidare tileigne seg tilstrekkeleg kunnskap slik at ein sikrar drift innanfor rāmene i konsesjonen.</p> <p>Kapasitet og funksjonalitet på forbisleppingsventil er heilt avgjerande for å unngå stranding av fisk, og verksemda må skaffe seg tilstrekkeleg dokumentasjon på kapasitet og kunnskap om tekniske løysingar og funksjonaliteten av desse, for å sikre at vilkår i konsesjonen vert stetta. Viktig at verksemda er bevisst på føremålet med forbisleppingsventilen og optimaliserer drifta av denne med omsyn til anadrom strekkje nedstrøms utløpet. NVE viser elles til vårt faktaark «god praksis nr 7» om omløpsventiler i kraftverk, som vart overlevert under revisjonen.</p>

	<p>Verksemda må skaffe seg tilstrekkeleg dokumentasjon på kapasitet på rør for minstevassføring, og om kva vasstanden i inntaket minimum må for å støtte krava til pålagd minstevassføring. Ei seinking av vasstanden slik det er gjort på anlegget kan ha ført til brot på krava til slepp av minstevassføring, noko NVE vil vurdere å følgje opp etter at vi har motteke turvande dokumentasjon på lukking.</p>
Frist for lukking	1.9.2017

Avvik 2	
Krav	<p>IK-vassdrag § 5-6:</p> <p><i>Verksemda skal kartlegge farer og problemer med hensyn til miljø og sikkerhet og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og gjennomføre tiltak for å redusere risikoforholdene</i></p>
Avviket	<p>Verksemda kunne ikkje legge fram skriftleg dokumentasjon på gjennomført kartlegging av fare og problem med omsyn til miljø og sikkerhet. Det er soleis heller ikkje skriftleg dokumentasjon på at verksemda har vurdert risiko og utarbeidd planer for å redusere risikotilhøva.</p>
Dokumentasjon	<p>Verksemda kunne ikkje legge fram verken munnleg eller skriftleg vurdering/dokumentasjon knytt til denne paragraf.</p> <p>Krav til minstevassføring og krav til forbisleppingsventil er to openberre fare og problemområde og er knytt til vilkår i konsesjonen.</p>
Korleis lukke	<p>Verksemda må gjennomføre ei kartlegging av heile anlegget med omsyn til fare og problem med vidare, og dokumentere dette skriftleg i tråd med IK-vassdrag § 5.6.</p> <p>Vi viser elles til vår rettleiar til forskrift om internkontroll 2/2013.</p>
Frist for lukking	1.9.2017

Avvik 3	
Krav	<p>IK-vassdrag § 5-8:</p> <p><i>Den ansvarlige skal utarbeide og gjennomføre rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge avvik</i></p>
Avviket	<p>Verksemda manglar skriftleg dokumentasjon på at det er utarbeidd og gjennomført rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge avvik. Mellom anna manglar det ein tydeleg definisjon av kva verksemda oppfatar som avvik med omsyn til miljø- og landskap, og følgeleg er det heller ikkje skriftleg definert korleis avdekke, førebygge og rette opp avvik.</p>
Dokumentasjon	<p>Verksemda kunne ikkje legge fram skriftleg dokumentasjon knytt til krava i § 5.8.</p>
Korleis lukke	<p>Verksemda må gjere ei grundig gjennomgang for å definere avvik knytt til miljø og landskap. Dette kan eks omfatta minstevassføring, omløpsventil,</p>

	<p>terrengmessige tilhøve, magasinvasstand med vidare. Etter å ha definert avvik, må ein definere rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge avvika.</p> <p>Vi viser elles til vår rettleiar til forskrift om internkontroll 2/2013.</p>
Frist for lukking	1.9.2017

Avvik 4	
Krav	<p>IK-vassdrag § 5-9:</p> <p><i>Den ansvarlige skal foreta systematisk gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt, for eksempel gjennom interne revisjonar.</i></p>
Avviket	<p>Verksemda har ikkje revidert og oppdatert Ik-systemet sidan dette vart etablert i 2009.</p>
Dokumentasjon	<p>Verksemda la fram eit system for internkontroll datert 2009. Verksemda kunne heller ikkje vise til rutinar for gjennomgang av IK-systemet.</p>
Korleis lukke	<p>Verksemda må oppdatere system for internkontroll utifrå gjeldande forskrift. Vi minner her om at det er krav til skriftleg dokumentasjon under alle punkt i § 5.</p>
Frist for lukking	1.9.2017

5 Beskriving av merknader

Nr.	Beskriving av merknader
1	<p>Ik-vassdrag § 5-1:</p> <p><i>Verksemda skal sørge for at relevante lover, forskrifter og vedtak som gjelder egne anlegg og tiltak er tilgjengelig og ha kunnskap om dei plikter som følgjer av disse.</i></p> <p>Verksemda sitt system for internkontroll er utarbeidd i 2009 og viser til utgått forskrift og ikkje til gjeldande IK-vassdrag. Vi viser elles til vår rettleiar til forskrift om internkontroll 2/2013</p>
2	<p>IK-vassdrag § 5-5:</p> <p><i>Verksemda skal foreta og protokollere de målinger og registreringer som er nødvendige eller pålagt for å sikre at anlegg og tiltak drives i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av vassdragslovgivingen</i></p> <p>Verksemda har ikkje nokon tydeleg definerings av kva som skal inngå i sjekk og loggføring av minstevassføring. Sjekk bør mellom anna omfatte vasstand, der ein har tydeleg avmerka ein minimumsvasstand, og vidare det fysiske sleppet, eks vassfylt rør.</p>